

## VALLDAL BYGDEKVINNELAG - 85 år i 2017

Valldal bondekvinnelag vart skipa 10.mars 1932 med Marta Dale Linge som leiar. I 2002 vart namnet endra til Valldal bygdekvinnelag. Laget hadde 85 årsjubileum i fjor, men feiringa kom først i år. 22. februar vart det tre retters jubileumsmiddag på Jordbærstova. Vi møtte rundt 40 i talet, medlemer og innbedne gjestar. Laget fekk besøk og helsingar frå fylkesleiar og utsendingar frå friviljuge lag som er gode samarbeidpartnarar. Æresmedlem Lilly Sandnes, medlem i laget sidan 1934, først kasserar i to år, sidan leiar i mange år, vart takka med ein blomebukett. Lilly fortalde litt om kva positive verknader bondekvinnelaget fekk for bondekonene i bygda. Arne Ruset og Sten Even Holstad stod for mykje av underhaldninga. Ruset kåserte med humor og snert om friviljuge lag i Fjørå på 50-60 talet. Holstad var ein svært dyktig gitarist. Praten stilna, og folk koste seg skikkeleg.

Mette Marie Døving, leiar i laget no, nytta høvet til å lese frå lagshistoria. Det nye laget starta opp med lagsmøte, sommarstemne, og haustfest. Det vart kurs om matstell, bagedemonstrasjon og sildedemonstrasjon, vidare snikkarkurs og kurs i plantefarging, veving, saum og tinnslyyd. Laget starta planting rundt kyrkja, og fekk gjennom reguleringsplan for kyrkjegarden. Alle tekstilar i kyrkja er gåver frå bygdekvinnelaget. 10 årsmeldinga i 1942 fortalde om 48 vanlege lagsmøte, 14 festar. 7 utferder og 6 kurs! Det har vore studieringar og diskusjonar om kreftgransking av kvinner, EF-saka, odelslov, pensjonssak, skuleordning, heildagsskule og aksjonar for kjøp av norske, lokale varer. Første olsokstemnet var det bygdekvinnelaget som stod for. Seterboka er det største løftet til laget i nyare tid. Det vart ei flott bok om alle setrane i Norddal kommune. Styret i Valldal bondekvinnelag i 1932 var: Marta Dale Linge, Ella Døving, Olina Rønneberg, Laura Linge Muriås, Pernille Hoel. Styret i Valldal bygdekvinnelag i 2018 er: Mette Marie Døving, Bjørg Sætren Kleppe, Solveig Linge Stakkestad, Kristin Overå Alstadsæter, Sunneva Linge.

Sunneva Linge